

HYLLESTAD POSTEN TRAFIKK NÆRINGSLIV

# Først i Norge: Roar set Sørbøvåg på kartet



**ENKLE LØYSINGAR:** Roar Nordbø er dagleg leiar og tenker alltid på moglegheita til å gjere ting enkelt. Derfor kjem han fram med nye ideer og tør å satse. No skal han prøve eit nytt prosjekt i lag med Posten og Liberty Now som han håper blir av nasjonal interesse. Foto: Julian Fløde

Av Julian Fløde

Publisert:  
17.12.24 05:00

Del

Roar Nordbø gjekk ut av Coop-kjeda for å bruke ny teknologi. I januar blir dei den første butikken i landet som kan tilby sjølvbetening av pakkeleveranse.

For abonnentar

Roar Nordbø er dagleg leiar for butikken i Sørbøvåg.

For eit år sidan tok han butikken ut av Coop-kjeda fordi han ville ha teknologiske løysingar frå selskapet Liberty Now.

Det fekk han ikkje bruke medan han var i kjede og då var valet enkelt: Resultatet blei Sørbøvåg Landhandel.

- Eg ser alltid etter måtar å gjere ting enklare på. Derfor skal vi i gang med pilot på ein ny idé eg hadde. Nemleg sjølvbetening av pakkeleveranse, seier Nordbø.

Det var [Ytre Sogn](#) som først skreiv om saka.



LES OGSÅ

**Tre kjøpmenn på formuestoppen i Hyllestad**

## Heim klokka 17.00

Nordbø er ein gründer-type som likar å leite etter gode løysingar. Dette la han til grunn då han gjekk ut av Coop.

- No har vi prøvd ut sjølvbeteningssystemet sidan april med Liberty Now sine løysingar. Vi kunne halde ope 60 timer lenger i veka utan at vi trong å vere der lengre, seier han.

- I november begynte vi å gå heim klokka 17.00, legg han til.

ANNONSE

Han viser fram systemet der han får opp varsle dersom kundane treng hjelp.

- Dei kan trykke på ein knapp og eg kan prate direkte til dei, seier Nordbø.

Han fortel at han kan overstyre alt frå telefonen og at det derfor går bra å reise heim så tidleg på ettermiddagen.

Bortsett frå eitt problem – nemleg innlevering og utlevering av pakkar.

- Folk får ikkje hente pakkane når vi har gått heim, og det var då eg begynte å tenke ut ei eventuell løysing, seier Nordbø.



**LES OGSÅ**  
**Butikken til Roar i Sørbovåg skiftar kjede**

## Teknologi er sårbart

- Det første vi tenkte på var ein pakkeboks, men det er vanskeleg å installere. Dei er relativt små i forhold til store pakkar, og det er dyrt system, seier Nordbø.

Vidare fortel han at det er sårbart med teknologiske løysingar og langt til service.

- Då kan det bli kostbart og, legg han til.

ANNONSE

- Målet må vere å lage noko som toler kulde, varme og størrelse. For å få med Posten på laget må det også vere billigare for dei. Det er det vi skal prøve på no, seier Nordbø.



HER KJEM ROMMET: Bak denne døra på Sørbøvåg landehandel er det planlagt eit pakkerom. Med ny teknologi og digitalisering på plass vil Roar Nordbø lage eit nytt system for å hente leveranser etter beteningstid. Foto: Julian Fløde

### Nordbø fekk ein idé om å bygge eit pakkerom i butikken.

Pakkerommet er eit rom der ein kan sette pakkane i system – slik at kunden kan finne pakkane sine.

– *Skal døra vere open?*

– Nei, døra skal ikkje vere open. Det er ein fordel å ha Post-appen på telefonen, fordi det går raskare, men ein kan også hente med vanleg hentekode, seier Nordbø.

– Dei vil då få opp på skjermen ved døra og på telefonen i kva slags hylle dei finn pakken sin, legg han til.

Nordbø fortel at det er same system som i butikken. Treng dei hjelp kan dei trykke på ein knapp og snakke direkte til han.

ANNONSE

## Glad verda går framover

Andreas Sundsbø er distriktsjef i Posten og veldig glad for å vere med på prøveprosjektet.

– Vi prøver å følge med i tida og utviklinga. Målet vårt er å få større fleksibilitet samtidig er vi med for å teste ut korleis dette fungerer med fjernbetening, seier han.

– Så får vi sjå om vi kan føre det vidare eller ikkje, legg han til.

Sundsbø fortel at dei følger godt med og legg fram nokre krav dei legg vekt på:

– Det er viktig for oss at sikkerheit og personvern blir tatt vare på. Derfor skal vi ha jamleg kontakt.

Posten har tru på at dette kan gå fint og meiner dette er ei gyllen moglegheit for å aktivisere butikkane i distriktet.



SER FRAMOVER: Andreas Sundsbø og Roar Nordbø representerer samarbeidet mellom Posten og Sørbovåg Landhandel. Dei håper at dette prosjektet vil fungere og spreie seg over heile landet. Foto: Julian Fløde

– *Kan alle varer fungere i eit slik system?*

– Nei, varer frå vinmonopolet må nok framleis leverast ut på den vanlege måten enn så lenge i alle fall, seier Sundsbø.

ANNONSE

▷ X



## Nyere næringsbygg til leie i Florø

Nyere bygg med 1308 m<sup>2</sup> lager, kontor, møte, garderober, spiserom++


[Finn ut mer](#)

Nordbø viser til at butikken er ein del av Merkur-programmet – som dagleg jobbar med å hjelpe butikkar i Distrikts-Noreg.

– Utan å ha ei slik hjelp både frå Merkur-programmet, Posten og Liberty Now hadde vi ikkje kunne gå i gang med det allereie i januar, seier Nordbø.



**LES OGSÅ**  
**Ingen brev i postkassa, foreslår utval**



**LES OGSÅ**  
**Vind, regn og plussgrader siste veka fram mot jul**

LES OGSÅ

**Vinterstenger Gaularfjellet**

Les meir om: [Hyllestad](#) [Posten](#) [Trafikk](#) [Næringsliv](#)